



Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eid fjord formannskap	03.06.2021	21/088
Eid fjord kommunestyre	14.06.2021	21/040

Rullering av kommuneplanen sin arealdel

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Arbeidet med å rullera kommuneplanen sin arealdel vert starta opp.

Til oppstarten i 2021 vert det løyvd kr. 1.000.000,- til prosjektet, som takast frå kraftfondet. Resten av finansieringa må takast med i driftsbudsjettet for ansvar 60 i prosjektperioden.

Vedtak som innstilling frå Eid fjord formannskap - 03.06.2021 - 21/088
Arbeidet med å rullera kommuneplanen sin arealdel vert starta opp.

Til oppstarten i 2021 vert det løyvd kr. 1.000.000,- til prosjektet, som takast frå kraftfondet. Resten av finansieringa må takast med i driftsbudsjettet for ansvar 60 i prosjektperioden.

03.06.2021 - Eid fjord formannskap

Røysting:

Samrøystes tilrådd.

FSK - 21/088 - Vedtak:

Arbeidet med å rullera kommuneplanen sin arealdel vert starta opp.

Til oppstarten i 2021 vert det løyvd kr. 1.000.000,- til prosjektet, som takast frå kraftfondet. Resten av finansieringa må takast med i driftsbudsjettet for ansvar 60 i prosjektperioden.

14.06.2021 - Eid fjord kommunestyre

Røysting:

Samrøystes vedteke.

KST - 21/040 - Vedtak:

Arbeidet med å rullera kommuneplanen sin arealdel vert starta opp.

Til oppstarten i 2021 vert det løyvd kr. 1.000.000,- til prosjektet, som takast frå kraftfondet. Resten av finansieringa må takast med i driftsbudsjettet for ansvar 60 i prosjektperioden.

Endeleg avgjerd i: Kommunestyre

Saka gjeld:

Kommuneplanen sin arealdel er ein viktig del av det langsiktige plangrunnlaget i kommunen. Den skal syna samanhengen mellom arealbruk og framtidig samfunnsutvikling.

Arealdelen skal omfatta både land- og sjøareal i kommunen, og han fastlegg med bindande verknad framtidig bruk av areala. Dette vert grunnlaget for vidare utarbeidning av meir detaljerte planar, og for enkeltvedtak. Arealdelen er dessutan eit verkemiddel for å sikra at arealbruken i kommunen bidreg til at dei måla som er vedtekne i samfunnsdelen vert nådde.

I arealdelen skal det leggjast vekt på hovudlinjer, ikkje nødvendigvis på alle detaljar. Samstundes er det klart at detaljeringsgraden og føresegnene i planen får betydning for konkrete byggjesaker. Store areal i kommunen er ikkje detaljregulerte.

Vurdering:

Kommuneplanen sin arealdel vart vedteken i 2011 og er dermed 10 år i år. Den byrjar dermed å verta utdatert, og den bør rullerast.

Nokre døme syner kvifor:

Eidfjord kommune får eit større areal

Eidfjord får overført Ytre Bu frå Ullensvang ved årsskiftet. Dette er eit areal som naturleg nok ikkje er omfatta av dagens arealdel, men bør med i planen for Eidfjord kommune.

Arealbruk i kommunen bør vurderast

Dagens plan syner ikkje alltid faktisk arealbruk. Nokre arealføremål framstår som feil samanlikna med dagens bruk av områda. Dei bør som fylgle av dette vurderast på nytt. Dette gjeld t.d. kraftverka i Storlia og Tveitafoss, som ligg inne som LNF, og turisthyttene på Dyranut, som også ligg inne som LNF.

Det er dessutan areal der framtidig arealbruk bør vurderast på nytt. Dette kan til dømes vera bustadomter som i dag har føremål LNF. Særleg i Øvre Eidfjord er dette typisk. Det kan også vera område i Viveli, som i dag er næring, eller arealbruk i Simadal.

Det er fleire problemstillingar knytt til arealbruk, og kommunen bør ta stilling til korleis dette er tenkt hjå oss i åra som kjem.

Tussafoten

Det er nødvendig å trekke inn Tussafoten. Kommunen må sjå på arealbruken i Øvre Eidfjord i ljós av rasfaresonene som NVE vil koma med. Dette vil også kunne ha påverknad i Eidfjord. Dette må truleg også sjåast i samanheng med behovet for å

oppdatera planverket knytt til beredskap.

Føresegnerne

Føresegnerne i arealdelen er usystematiske, uoversiktlege, knappe og vanskelege å nyta. Mange føresegner heng ikkje saman med intensjonane i planen, dei er lite spesifikke og det er vanskeleg å forstå kva dei inneber. Det er nok behov for ei oppdatering.

Det manglar også ein del føresegner: mellom anna er det ingen føresegner for områda omfatta av naturvernlov eller kulturminnelov, slik som gravfeltet på Hæreid og Hardangervidda nasjonalpark. Me burde også ta opp korleis me skal forhalde oss til verna vassdrag og byggeforboda langs elvene. Spesielt i Øvre Eidfjord er dette relevant å sjå på. Store delar av Øvre Eidfjord ligg i realiteten innanfor byggjeforbodssona langs Veig, som er verna. Dette avgrenser i veldig stor grad kva som eigentleg er tillate å byggja. Det har neppe vore hensikta å hindra vidare utvikling av bygda på denne måten.

Vidare arbeid

Det er viktig at kommuneplanen sin arealdel reflekterer dagens og langsiktig, fremtidig bruk av areala i kommunen. Det gjør den ikkje slik den er i dag. Føresengene i arealdelen bør vera meir presise, slik at planen kan nyttast betre. Det skal vera eit relevant styringsverktøy innan forvaltninga.

Administrasjonen føreslår at arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel vert starta opp. Dette er eit omfattande arbeid som me, slik situasjonen er i dag, ikkje vil ha ressursar til å gjera sjølv. Me ser det som naudsynt å leiga inn eit konsulentfirma til å utarbeida planen, men det er behov for at kommunen sjølv tek ein aktiv del i utarbeidninga, og fylgjer opp konsulenten undervegs.

Arbeidet vil gå over fleire år, og administrasjonen føreslår difor at det på noverande tidspunkt vert løyvd kr. 1.000.000,-, og at vidare naudsynte løyvingar vert gjort over det ordinære driftsbudsjettet for D&F.

Administrasjonen vil då utlysa konkurranse for å få inn tilbod på utarbeidninga av planen, og deretter fremja sak til kommunestyret om oppstart av planarbeidet.

I oppstarten må kommunen, jf. pbl § 11-12, nemna og ta opp føremålet med rulleringa, og viktige problemstillingar og prioriteringar for planarbeidet. Dei momenta me har nemnt i saksframlegget her er sjølv sagt nokre tema, men arbeidet med arealdelen må vektleggja visse aspekt tyngre enn andre. Politiske prioriteringar vil vera viktige utgangspunkt for planarbeidet. Planprogrammet er del av planoppstarten og vil setja råmene for planarbeidet.

Geir Underhaug
rådmann

Friis, Rebecka
sakshandsamar

Rett utskrift: